

NORSK | NORWEGIAN

sing me in

collective singing in the integration process of young migrants



**Å syngje med grupper
av unge flyktningar**

Free handbook

www.SingMeIn.eu

Utgjevar

Denne handboka er utgjeven av European Choral Association – Europa Cantat (Weberstrasse 59a, 53113, Bonn, Tyskland) for prosjektet «Sing Me In».

Handboka kan lastast ned, delast og skrivast ut fritt.

Teksten, som er skriven av dei deltakande organisasjonane, ligg under lisensen «Creative Commons Attribution 4.0 International Public License». Han kan delast og tilpassast etter visse vilkår: <https://creativecommons.org/licenses/by/4.0/>



Sitat, musikkdøme og bilete kan ha annan opphavsrettsleg status, som me har freista å klårgjere for kvart tilfelle.

Deltakarar i prosjektet

Prosjektet Sing Me In vart samordna av

European Choral Association - Europa Cantat (DE) www.europeanchoralassociation.org



saman med:

Estonian Choral Association (EE) www.kooriyhing.ee

Sulasol (FI) www.sulasol.fi

Ung i Kor (NO) www.ungikor.no

ZIMIHC (NL) www.zimihc.nl

Koor&Stem (BE) www.koorenstem.be


A Coeur Joie (FR) www.choralies.org

Musica International (FR) www.musicanet.org

Moviment Coral Català (CAT/ES) www.mcc.cat

Koro Kulturu Dernegi (TR) www.korokulturu.org

Fayha Choir (LB) www.fayhachoir.org



SULASOL



Dette prosjektet er finansiert med støtte frå Europakommisjonen.

Denne publikasjonen viser berre synet til forfattaren, og kommisjonen kan ikkje bli halden ansvarleg for korleis informasjonen eventuelt kan bli brukt.



Erasmus+

Bidragstatarar

Mange har bidrege til prosjektet, og sett av tid og energi på å korrekturlese, omsetje, og stille saman informasjon og tekstar. Du finn ei lista på nettsida www.singmein.eu.

Redigeringa av handbøkene vart gjord under oversyn frå:

Burak Onur Erdem, Ingvill Espedal, Côme Ferrand Cooper, Sonja Greiner, Lucille Lamaker, Gautier Lemoine, Olav Øyehaug Opsvik, Pierre-Luc Pfrimmer, Liesbeth Segers, Çağlar Tosunoğlu, Marina Velasquez and Jean Claude Wilkens.

Table of Contents

Velkomen til Sing Me In!	5
Kva handlar prosjektet «Sing Me In: Samsong som ein del av integreringsprosessen for unge migrantar» om?	5
Bidraget vårt: fire handbøker du kan laste ned.....	7
Innføring til denne handboka	9
Kvifor skal du syngje med flyktningar?.....	10
Kapittel 1: Organisering	13
Korleis ein kjem i gang.....	13
Utfordringar på eit felt som er i stadig endring.....	15
Kapittel 2: Haldningar	16
Gjestfri korsong.....	16
Kva kan vere annleis?.....	18
Eit varmt og venleg venskap.....	18
Kva mål har du?.....	19
Kapittel 3: Repertoar	20
Korleis du vel eit repertoar.....	20
Kapittel 4: Å leie ei økt	23
Å førebu øktene.....	23
Dirigeringsteknikk og øving.....	24
Kapittel 5: Framføring	27
Er det naudsynt?.....	27
Kva utfordringar finst?.....	28
Korleis løyser ein utfordringane?.....	28
Resursar og referansar	30



ECA-EC

Velkomen til Sing Me In!

Kjære lesar,

takk for at du tek deg tid til å lese denne handboka. Me vonar verkeleg at ho skal vere til hjelp for deg, og at ho skal motivere deg til å setje i stand nye musikalske prosjekt. Denne handboka er ein del av ein serie på fire handbøker, som har vorte utvikla innan rammene for eit europeisk prosjekt som har gått frå 2016 til 2018. I denne innleiinga skal me kort presentere kva prosjektet handlar om, og korleis du kan få nytte av det.

Kva handlar prosjektet «Sing Me In: Samsong som ein del av integreringsprosessen for unge migrantar» om?

Nokre unge menneskjer lauper større risiko enn andre for å hamne utanfor på grunn av deira sosio-økonomiske bakgrunn, kvar dei bur, bakgrunnen deira som migrantar, eller av andre grunnar. Prosjektet Sing Me In ynskjer å gje barne- og ungdomskorleiarar, eller andre interesserte, ulike pedagogiske arbeidsmåtar og verktøy, som let det å syngje saman bli ei positiv kraft i integreringsprosessen for unge menneskjer som risikerer å hamne utanfor.

Elleve ungdomsorganisasjonar frå ti land, som alle arbeider med samsong, opplevde alle at dei ynskte seg strukturerte verktøy dei kunne bruke for å kome til rette med desse problema. Ungdomsorganisasjonar verda over delar same utfordringar, og er berre delvis medvitne om dei ulike løysingane som har vorte utvikla i andre europeiske land. Deltakarane i dette prosjektet ynskte å kome til rette med dette på europeisk nivå, for å forsikre seg om at heile feltet, og så mange unge menneskjer som mogeleg, kan dra nytte av det.

Desse elleve organisasjonane gjekk saman og tok i bruk heile nettverka sine for å samle inn gode døme på korleis ein gjorde dette i deira respektive profesjonelle og geografiske område. På grunnlag av dei mange innspela frå feltet, og med innspel frå ekspertar og utøvarar, valde dei å gå saman for å utvikle eit nyskapande pedagogisk materiale.

Det viktigaste produktet frå prosjektet er tre handbøker og ei tilpassa repertoarsamling, som rettar seg mot barne- og ungdomskorleiarar og -lærarar. Dei inneheld råd om repertoar, fallgruver ein bør unngå, døme på gode metodar, kommunikasjonsstrategiar, finansieringstips, retningslinjer for å førebu songarar, og så bortetter. Handbøkene er tilgjengelege på elleve språk for å nå ut til flest moglege ungdomsarbeidarar i Europa, og på andre stader.

For å nå ut til så mange som moglege som moglege, har me organisert ein serie med nasjonale og internasjonale spreingstiltak, gjennom seminar og konferansar der målgruppene våre er samla. Desse samlingane er eit høve å nå ut til aktive utøvarar, som i sin tur vil bruke metodane, og spreie dei vidare.

Antropologisk forskning tyder på at menneskerøysta sannsynleg var mellom dei fyrste instrumenta som vart nytta av menneskjer for å lage musikk saman, og at det hjelte medlemmar i ei gruppe å utvikle ulike evner, til å dele kjenslene sine, og til å organisere samfunnslivet. Samsong gav ei kjensle av samhøyr. Sing Me In tek såleis ein tusenårig tradisjon i bruk, for å føre oss vidare i framtida. Prosjektet skal gje oss nyskapande og verknadsfulle reiskapar, som kan hjelpe unge menneskjer å møtast utan fordommar, å tileigne seg nye evner, og å kunne gå inn i eit produktivt og balansert tilhøve til samfunnet.

Kvifor skulle samsong kunne vere til nytte i integreringa?

Samsong er ei sosial handling – det handlar om å syngje saman. Å syngje saman kan skape eit sterkt band av delte kjensler og glede, også mellom menneskjer med svært ulike levemåtar. Ein ny relasjon kan byggjast på å dele denne kjensleopplevinga, som har både venleik, hardt strev, og glede i seg. Song i seg sjølv er sjølvsagt berre eit verktøy for å jamne ut statusen mellom deltakarane, når me syng er me fyrst og fremst songarar, som samarbeider for å oppnå eit felles musikalsk mål. Det gjer eit nytt tilhøve moglege, som byggjer på likskap – me er alle songarar her – og som kan nyttast for å sjå forbi skilnadene ein kan oppleve, og oppnå samtale og forståing. Likevel er ikkje dette ikkje eit unikt verktøy, samsong er berre eitt verktøy mellom mange andre for integrering og inkludering, som til dømes andre musikalske aktivitetar, idrett, utdanning, arbeid, samfunnsarbeid, og så bortetter. Desse og mange andre aktivitetar delar same mål.

Her kan me sitere Anne Haugland Balsnes¹:

«Sangstemmen er en del av kroppen og nært knyttet til pusten. Derfor gir sang fysisk avspenning, trener muskler, skjelett og lungekapasitet, og gir en generell opplevelse av fysisk velvære. Korsang gir dessuten glede og oppstemthet i tillegg til en generell opplevelse av følelsesmessig velvære. Å synge i kor beskrives som å få et kick, som en forelskelse eller som en rus man kan leve lenge på. Slike gode opplevelser er betydningsfulle for helse og livskvalitet. Noe av det viktigste for å bli integrert i et nytt land, er å lære språk. I et kor kan man lære et nytt språk i en uhytidelig sammenheng, både ved hjelp av kommunikasjonen som foregår på korøvelsene og sangtekstene. Man trenger ikke snakke språket flytende for å være med som fullverdig kormedlem. Sosiale kontakter er også avgjørende for integrering, og koret bidrar i så måte.

Å synge i kor er den aller enkleste måten å musisere på siden selve instrumentet – sangstemmen – er en del av kroppen. Man trenger kun en gruppe mennesker, et sted å være og en korleder for å lage et kor. Det er likevel ingen selvfølge at et kor skal gi alle de gode gevinstene som er nevnt ovenfor. Det er avgjørende at både den sosiale og musikalske delen av korpraksisen er preget av gjestfrihet.»

Prosjektnamnet brukar orda «samsong som ein del av integreringsprosessen for unge migrantar». Når me diskuterer ordvalet her under, ynskjer me å vise at hovudsaklege mål er å støtte opp under prosessar og prosjekt som hjelper folk å sjå forbi det som er ulikt. Som ei fylgd av dette vil dei med tida oppdage måtar å få individuell kontakt med andre, og skape nye band og ei kjensle av å høyre til i same gruppe. Unge migrantar, som anten nett har kome eller har funne seg til rette i familiar med synleg migrasjonsbakgrunn, er ein del av våre europeiske samfunn. De studerer, arbeider, leiker, talar, og flyttar in med resten av generasjonen sin, og er ein del av morgondagens generasjon av vaksne. Måten dei stiller seg til omgjevnaden sin, og måten omgjevnaden er imot dei, vil delvis definere korleis samfunna våre vil verke i dei komande åra. Sjølv om du mest sannsynleg lasta ned denne handboka frå verdsveven, trur me me ikkje at digitalt nettverksarbeid og virtuelle samfunn er svara på utfordringane framfor oss. Me treng kontakt, utveksling, samtale og samarbeid i det verkelege livet.

¹ Balsnes studerte KIA multikulturelle gospelkor i Kristiansand under våren 2012. Koret er del av KIA, som står for Kristent interkulturelt arbeid. Studiane bygde på deltakande observasjon og intervju, og fokuserte på medlemmar med bakgrunn som flyktningar.

Samsong er ei svært fleksibel kunstform, som berre blir definert av metoden, det å syngje saman, og såleis kan ta til seg og tilpasse seg nytt musikalsk og kulturelt innhald. Denne kjensla av samhøyr, av å møtast fredeleg, er i sjølv hjarta av dei europeiske idéane, slik dei blir levande i mange initiativ, mellom og utover institusjonane i EU.

For kven er dette prosjektet?

- **Slutt mål:** Prosjektet siktar på å vere til nytte for unge menneskjer
 - som anten bur i Europa eller på ein annan stad.
 - som anten kan vere ein del av kulturen i vertslandet eller kome frå andre kulturelle bakgrunnar, som migrantar eller flyktningar.
 - som anten er songarar, eller kjem til å bli det.
- **Direkte mål:** Handbøkene skal hjelpe
 - dei som arbeider profesjonelt med born og ungdom, som barne- og ungdomskordirigentar eller sosialarbeidarar.
 - lærarar og musikk lærarar som ynskjer å arbeide med born og unge frå ulike bakgrunnar.
- **Spreiing:** For å dele med oss av dei reiskapane me har utvikla, samarbeider me med eit breitt nettverk av
 - organisasjonar som når ut til dei som arbeider profesjonelt med ungdomar.
 - organisasjonar som kan syne fram døme på godt arbeid, og spreie resultatata frå prosjektet, deriblant handbøkene og repertoarsamlinga.

Bidraget vårt: fire handbøker du kan laste ned

Resultatet av arbeidet vårt er tre handbøker og ein rettleiar til repertoar, som du kan laste ned gratis frå www.singmein.eu

- «Sing Me In: Å syngje med grupper av unge flyktningar»
- «Sing Me In: Å inkludere unge med migrantbakgrunn i eksisterande kor»
- «Sing Me In: Å arbeide i eit skulemiljø»
- «Sing Me In: Repertoarsamling» [Repertoire Guide]

Kvar av dei tre handbøkene er tilgjengeleg på elleve språk: arabisk, engelsk, estisk, finsk, fransk, katalansk, nederlandsk, norsk, spansk, tyrkisk og tysk. Om du er interessert av å bidra med ei omsetjing til ditt eige språk, ikkje nøl med å ta kontakt! Om du vil vite kva andre omsetjingar som kanskje har kome i mellomtida, sjå på nettsida www.singmein.eu.

Kva ventar me oss?

Me vonar...

- å få sjå at handbøkene våre bidreg til at fleire integreringsprosjekt blir skipa.
- å få sjå vanlege kor ta inn songarar med meir varierende bakgrunn.
- å få sjå elevar og klassar dra nytte av songaktivitetar, slik at dei kan få til dømes betre studieresultat og klasseromsdynamikk.
- å få sjå at alle som deltek og organiserer blir løna med glede og moro, og får dele låtten og musikken.

For å oppnå det, treng me di hjelp! Om du likar desse handbøkene, del dei med vener og kollegaer. Og om du ikkje likar dei, sei frå om kva me kan gjere betre!

Nokre forklåringar om omgrepa me har valt

Det engelske namnet på prosjektet er «Sing Me In: Collective singing in the integration process of young migrants». Her skal me forklåre ordvala me har gjort.

[...] samsong [...]

Sjølv om dei fleste av deltakarane i dette prosjektet driv med korsong, trur me at alle former av samsong kan gje gode resultat. Det tradisjonelle koroppsettet – ein dirigent, notar og songarar i stemmegrupper – er ikkje det einaste formatet som verkar med dette prosjektet. Vår tilnærming vil altså dekke all slags delt songaktivitet, a cappella eller med instrumentar, einstemt eller

fleirstemt, og med alle slags repertoar og stilar. Vår viktigaste tilgang er den svært nære og einande opplevinga av røyster som blandar seg.

[...] integreringsprosess [...]

Me har heile tida vore medvitne om at omgrepet «integrering» kan bli sett på som gamaldags, feil, eller politisk ukorrekt, i somme land, kulturar eller språk. Målet vårt er ikkje å avgjere om migrantar skal «integrerast» eller «inkluderast», eller noko anna ord.

Målet vårt er å bidra med idéar og verktøy som kan tilpassast til totalt ulike samanheng, der folk frå ulike bakgrunnar fredeleg må leve sandre og dele ting. Kort sagt, rett og slett å gjere livet betre for alle som er med.

Tenk på at den prosessen kan måtte gå begge vegar. Vertskapskulturen må tilpasse seg akkurat som kulturen til migrantane. I vår mangslungne verd må alle tilpasse seg.

[...] unge [...]

Prosjektet fokuserer på unge migrantar. Med «ung» meiner me folk i dei formative åra sine, inkludert born frå barnehagealder og oppover, til dei når vaksenlivet. Der me har ei særskild aldersgruppe i tankane, skriv me dette. Dette er sjølvsagt eit konsept med varierende innhald, som kjem an på landet, kulturen, og den sosio-økonomiske situasjonen. Du kjem også til å merke at me av og til skriv om aktivitetar som blandar generasjonar som eit verktøy for integrasjon, eller til og med at me tek inn ting som var utvikla for vaksne, men der me kan trekkje ut viktig informasjon me sjølve kan dele vidare. Omvendt kan også mange av tipsa og tankane som me nemner i handboka, også bli brukte når ein arbeider med vaksne i ein tilsvarande samanheng.

[...] migrantar [...]

Ifylgje UNESCO kan termen «migrant» tolkast som «kven som helst som kortvarig eller permanent bur i eit land der han eller ho ikkje vart fødd, og som har fått tydande sosiale band til landet». Denne definisjonen inkluderer både flyktningar og asylsøkjjarar. Prosjektet vårt har likevel ei breiare omfatning, og inkluderer potensielt unge menneskjer med migrantbakgrunn – fyrste, andre eller til og med tredje generasjon – som kan trenge vidare integrasjon eller inkludering i vertskulturen. Me er fullt medvitne om at det finst unge migrantar som allereie er integrerte, og ikkje treng støtte. Det er også lik at mange av tipsa og tankane me har samla kan nyttast når ein arbeider med unge ikkje-migrantar, som ikkje har tilgang til kulturell verksemd, og som er vanskelegstilt, anten sosialt eller på andre måtar.



Clément Vidal

Innføring til denne handboka

Denne handboka er lagd for han eller ho som vurderer eller har planlagt å setje i gang eit prosjekt som tek i bruk samsong med flyktningar og asylsøkjjarar – om det så er på flyktningmottak, leir, eller andre stader for menneskjer som har migrert eller flytt frå krig og fattigdom. Ho vart skapa og skriven av prosjektdeltakarar i Europa, Tyrkia og Libanon, og byggjer på kjeldematerial som har vorte samla inn i heile området. Arbeidet med denne handboka, «Å syngje med grupper av unge flyktningar», vart samordna av Koro Kulturu, den tyrkiske korkulturorganisasjonen, og Ung i Kor, Norges barne- og ungdomskorforbund.

Med utgangspunkt i to spørjeskjema har deltakarane i samarbeidet samla inn ulike forteljingar og røynsler frå over 100 ulike prosjekt. Etterpå gjennomførte forfattarane vidare intervju med styrarar i nokre av prosjekta, for å få svar på spesifikke spørsmål rundt det å arbeide med flyktningar i leirar og mottak. I det andre spørjeskjemaet var oppbygginga for handboka allereie klar, så i denne runden vart spørsmåla tilpassa dette.

I tillegg til dei to spørjeskjemaa vart altså meir uformelle samtalar og intervjuar gjennomførte, med tett oppfølging av dei ulike deltakarane. Me har også teke inn litt faglitteratur og referert til andre kjelder, som me vil råde alle til å også sjå på. Som komplement til vår eigen tekst, har den norske musikkprofessoren og koreksperten Anne Haugland Balsnes bidrege med ein kort tekst i kapittel 2.

Føremålet med dette dokumentet er å både hjelpe og oppmuntre alle som vurderer å arbeide med samsong for flyktningar. For å oppnå dette, har me lagt opp til ein struktur der me gjev praktiske råd i tillegg til våre andre refleksjonar kring dei ulike typar av utfordringar og spørsmål som informantane våre har peika på i prosessen. Sidan studiane våre byggjer på prosjekt med mange ulike føremål, storleikar og former, vonar me at handboka også skal kunne vere til hjelp i ei like stor mengd av prosjekt i ulike land.

Sjølv om me kjem med ein del nokså handfaste råd, trur me ikkje at korkje me eller nokon annan har eit fasitsvar til korleis ein møter alle slags utfordringar som kan oppstå i denne typen av prosjekt. Ulike deltakargrupper treng ulike opplegg og løysingar, og det gjeld også ulike strukturar i dei institusjonane og systema som driv med innvandringsspørsmål i dei ulike landa. Vårt fyrste råd ville uansett vere å byrje med å lese seg opp, men ikkje for

den skuld vere redd for å kaste seg inn i prosjekt, med folk og på stader der ein kanskje ikkje veit korleis det kjem til å gå på førehand.

For at du lett skal kunne kome i gang, har me bygt opp denne handboka i fem ulike kapittel: 1. Organisering, 2. Haldningar, 3. Repertoar, 4. Å leie ei økt, og 5. Framføring. På denne måten har me dekt ein stor del av dei ulike temaa ein må sjå på og arbeide med når ein planlegg eit prosjekt.

I kapittel 1, Organisering, gjev me nokre enkle råd om korleis ein skal kome i gang, og korleis ein skal møte flyktningar, friviljuge, tilsette og andre som held på på eit felt som er uføreseieleg og i stadig endring. Me freistar å leie deg rett gjennom ein prosess som byrjar med at du finn fram hovudidéen din, og som sidan på detaljnivå tek deg gjennom alle dei ulike aspekta du bør tenkje på.

I kapittel 2, Haldningar, tek me opp spørsmål om korleis ein skal nærme seg denne typen arbeide. Kva gjer at dette er annleis enn andre typar av songøktar, og korleis påverkar det arbeidet? Kapittelet utforskar emnet på grunnlag av ein tekst som den norske musikkprofessoren Anne Haugland Balsnes har skrivne om det ho kallar «gjestfri korsang.» Korleis skapar ein best mogeleg omgjevnad for folk med ulike slags kulturell bakgrunn, som kjem til eit nytt og framand land?

Kapittel 3, Repertoar, handlar om korleis du finn og vel ut høveleg repertoar for flyktningar. Kva faktorar spelar inn på programvalet for korprosjekt med flyktningar? Kva slags sjanger, vanskegrad, språk og kultur kan ein ta inn?

Kapittel 4 drøftar korleis ein skal leie øktene, og tek opp spørsmål kring øvingsmetodikk og måtar ein kan få ut eit godt kor av gruppa. Me har også teke ulike typar av vanskar eller trauma songane kan lide av med i rekninga. Kapittelet tek også opp korleis ein bør organisere logistikken.

Kapittel 5 fokuserer på framføringar – kor viktige er dei for gruppa, og kva verknad kan dei ha for framgangen til prosjektet? Er det noko ein må gjere? Kapittelet tek inn ulike aspekt og meiningar kring desse spørsmåla.

Kvifor skal du syngje med flyktningar?

«Me ser no dei høgaste nivåa av fordriving som me nokon gong har dokumentert. Eit så langt rekordhøgt tal på 65,6 millionar menneskjer i verda har vorte drivne frå heimane sine. Mellom dei er om lag 22,5 millionar flyktningar, der halvparten er under 18 år. Det finst også 10 millionar statslause, som har vorte nekta ein nasjonalitet og tilgang til grunnleggjande rettar som utdanning, helsetenester, arbeid og rørslefridom. [...] nesten tjue menneskjer blir fordrivne med makt kvar minutt [...]» (UNHCR 2017a).

Dette sitatet og desse tala frå UNHCRs statistiske årsbok frå 2016 gjev oss litt bakgrunn til kva som ligg bak dei store endringane som går føre seg, og ein stor del av den noverande politiske diskursen i dagens Europa. Sjølv om berre 17% av alle fordrivne menneskjer i verda er i Europa, er tala framleis svimlande, og til dømes Tysklands flyktningmengd har vorte dobla i laupet av 2016. Like fullt bur hovuddelen av alle flyktningar i ein handfull fattige utviklingsland (UNHCR 2017b). Medan statar, organisasjonar og institusjonar arbeider med korleis ein skal løyse denne situasjonen, er det ikkje tvil om at dette vil vere eit stort, globalt spørsmål i mange, mange år framover.

Som borgarar og medmenneskjer ynskjer me ofte å bidra og hjelpe dei som treng det, og dei fleste av oss føredreg å bidra på dei områda der me sjølve kan gje av vårt beste. Om du vurderer å arbeide med samsong og flyktningar, har du sannsynleg ein del kompetanse på feltet, og deler vår tru på at krafta i song og musikk kan hjelpe folk å kome nærmare kvarandre, og framheve våre beste sider. I dei fylgjande stykka ynskjer me å styrke deg i trua, og oppmode deg til å ta dei stega du må for å gjere visjonen din verkeleg. Så, kvifor skal du gjere dette?

Det verkar!

Dei sosiale, fysiske og psykologiske verknadene av samsong har vorte studerte i det vide og det breie, og det finst alt for mange studiar på det emnet for at me skal kunne nemne dei her. Likevel er det eit interessant felt å fordjupe seg i om ein er interessert. I tillegg til vitskapelege artiklar finst det mange døme på meir tilgjengelege kjelder på nett, som refererer til den slags studiar (t.d. <http://www.europeanchoralassociation.org>). For flyktningar vil dei verknadene som har å gjere med å uttrykke undertrykte kjensler og eventuelt minske angst, kunne vere særskilt relevante. I tillegg til påviste verknader av det slaget er me vel alle samde om at det å syngje saman er den perfekte

forma for å omgåast, for å utveksle kulturelle uttrykk og føre folk nærmare kvarandre. Om prosjektet ditt blir utvikla og utført på ein god måte, kjem det definitivt til å vere ei positiv og gjevande oppleving for alle som er med.

Det er mogeleg!

Uansett om det er ikkje-statlege organisasjonar som driv flyktningleir, eller lokale mottak som får støtte frå staten, kjem tilbod om meningsfulle og gjevande aktivitetar alltid å vere velkomne. Det finst mange stader å få støtte i dei fleste land, og eit godt utforma prosjekt burde ha gode sjansar til å bli finansiert. Som muskar, pedagog eller kulturarbeidar kjem dine organisasjonsevner til å kome til nytte. Sjølv om det finst nokre viktige skilnader samanlikna med kva du elles gjer, og ikkje minst mange utfordringar, har du sannsynleg allereie dei fleste av dei kunnskapane du treng. I tillegg er samsong, samanlikna med mange andre aktivitetar, svært lett å gjennomføre trass dei uføreseielege og vanskelege liva som mange flyktingar lever. Samsong krev få resursar, og er svært fleksibelt med tanke på kva type fasilitetar som finst tilgjengelege der ein skal syngje.

Det trengst!

Mange flyktingar og asylsøklarar har levt gjennom svært dramatiske og traumatiske opplevingar, og medan dei ventar på ein leir eller eit mottak er framtida usikker, og dei daglege liva deira kan vere utfordrande. Ei sosial og reinsande oppleving gjennom å syngje saman er kanskje ikkje berre ein velkomen distraksjon frå vanskanne dei møter, men også noko som er gjevande og meningsfullt. I ein del tilfelle kan det hjelpe mot frustrasjon, depresjon, einsemd og ilske. Det at ein kan få ein stad å blomstre og utvikle seg saman med andre, er ikkje noko ein skal redusere til ei triviell fritidsinteresse. Arbeidet ditt kan gjere mykje for å betre livskvaliteten til andre.

Det me vonar no er at du, etter at du har lese handboka, kjem til å kjenne deg inspirert og betre rusta til å møte ei ny utfordring, og til å bidra til noko godt for folk som møter svært krevjande livssituasjonar. Me trur også at alle som er med i den typen av prosjekt kjem til å kjenne at prosessen er både gjevande og utviklande for dei sjølv, det er noko me har sett før. Det å kunne gjere noko for andre er ikkje berre noko som kjennest godt ut, men kanskje du også vil bli overraska over kor mykje menneskjer ein skulle tru hadde nok med seg sjølv, har å gje deg.

For å motivere deg vidare kjem me til å avslutte denne innleiinga med historia om Farah, som fann nykelen til språket i sitt nye heimland gjennom songar i barnehagen.

Du kan – og om du allereie vurderer det – du skal! Lukke til!

Fra sang til språk

av Nora Bilalovic Kulset, Postdoktor ved Institutt for musikk, Norges teknisk-naturvitenskaplige universitet (NTNU).

Sangen bryter språkbarrieren og «lurer» språket inn i hjernen. Les om da Farah på tre år knakk språkkoden ved hjelp av sang – og om hvorfor det kan skje på den måten.

Farah (3 år) sitter på benken med de andre i samlingsstunden. Hun har gått i barnehagen i to måneder nå men har enda ikke sagt et ord. Stille og sjenert får hun av og til være baby i rolleleken. En stille medgjørlig baby. Hun sitter mest for seg selv uten å egentlig bli lagt merke til av de andre barna. Vi synger i samlingsstunden i dag også, de samme sangene vi har holdt på med i hele høst. Plutselig høres en ny stemme, tydelig og fast: «Lillegutt kan tromme, trommelommelom, han har ti små venner som kan snu seg om...» Jeg snur meg mot Farah, alle snur seg mot Farah, og der sitter hun og synger høyt med perfekt uttale, hun kan alle bevegelser som følger med, hun kan melodien på en prikk. Jeg kjenner at jeg både blir varm og får gåsehud der jeg synger videre, mens ansiktene til de andre barna sprekker opp i store smil mens de sier «Se på Farah, hun kan sangen! Hun kan sangen! Hei Farah, Farah se hit da!» Og Farah strekker seg, smiler stolt og tilfreds og synger videre. Etter samlingen er det tid for dagens hjelper å velge sin assistent slik at de sammen kan lage portalen med armene sine som alle barn må gå under for å komme til lunsj. Farah har aldri blitt valgt som noens assistent. I dag er det ei skolestarterjente med mye sosial kapital som er dagens hjelper. Hun nøler ikke et sekund før hun velger Farah som sin assistent. «Tak over skapet». Også denne sangen kan Farah. Jeg og de andre voksne utveksler blick og vet at nå starter en ny virkelighet for Farah. Nå er hun inne, og nå kan språktilegnelsen gjennom lek med de andre starte.

Det å syngje kan være en vei inn til språket på mange måter, og i denne lille teksten vil jeg fortelle om tre ulike måter dette kan skje på:

- Det bryter «det doble dilemma»
- Vi øver oss uforpliktende på språket mens vi synger
- Vi lurar inn språket i hjernen når vi synger

«Det doble dilemma» - å bli venner

Alle som jobber med barn med et annet morsmål kjenner til situasjonen hvor barnet uten tilstrekkelig (eller ingen) norsksferdigheter kan bli holdt utenfor i leken. Dette er ikke nødvendigvis en bevisst handling fra de andre barnas side, men det er jo ikke lett å leke med noen som ikke skjønner hva du sier. Dette beskrives godt både hos Kibsgaard og Husby (2014) og Tabors (2008). Problemet som enhver språklærling møter er nettopp dette: for å tilegne meg språket, så må jeg få tilgang til noen som snakker dette språket. Men for å få tilgang til noen som snakker språket, må jeg allerede kunne litt av språket. Det er denne situasjonen som er «det doble dilemma» (Tabors 2008, som kaller det the double bind på engelsk). Å bryte dette doble dilemmaet slik at barnet blir med i det sosiale fellesskapet, er altså en viktig nøkkel for tilgangen til språk.

Her kommer altså sangen inn. Dersom vi synger mye sammen i barnehagen – og holder oss til et sangrepertoar som vi bruker mye slik at det er sanger som blir godt kjent for alle – så kan dette bryte det doble dilemmaet. Slik som vi så i historien om Farah. For barn er sang noe annet enn det er for mange av oss voksne. Vi kan tenke på det som en aktivitet, som noe vi kan eller ikke kan, som noe vi bør gjøre, som noe som får tida til å gå. For barn er det en kommunikasjonsform, et språk vi bruker for å øke tilknytningen. Det er det egentlig for oss voksne også, men ofte blir det dessverre satt i skyggen av våre tanker rundt prestasjonen, huske teksten, synge fint nok. Men faktisk er det slik at når vi synger sammen, så øker nivået av kjærlighetshormonet oxytocin i kroppen vår. Og oxytocin gjør at vi blir mer empatiske, vi liker hverandre bedre, vi stoler mer på hverandre, og vi tenker mer på fellesskapet enn på oss selv (Grape et al. 2003; Keeler et al. 2015; Kreutz 2014). Hvis vi nå setter til side tankene om hvorvidt vi synger riktig eller om barna liker sangen vi har valgt, så kanskje kan vi voksne også få bedre utnyttelse av disse prosessene. I alle fall så får barna det. Og dermed så synger de seg inn i fellesskapet, inn i nye vennskap og inn i nye måter å være sammen på gjennom sangen. Bare tenk på hvor fantastisk det er å sitte på hver sin huske og synge en sang begge kan av full hals. Selv om den ene nesten ikke kan snakke norsk enda. Ja, det skjer.

Å øve seg uten å måtte huske

Det å få prøve ut det nye språket helt uforpliktende, uten å diskvalifisere seg selv underveis fordi man er redd for ikke å huske de rette ordene, er også en nøkkel til språktilegnelse, i følge blant annet Tabors (2008). Hun sier at vi må legge til rette for situasjoner der språklærlingen får gjøre inngående observasjoner av barn og voksne som bruker målspråket og deretter å få prøve ut fraser og språklyder som ikke skal brukes i vanlig kommunikative sammenhenger. Dette høres jo ut som en bestillingsordre for oss som forsker på hvor bra det er å synge med barn som skal tilegne seg norsk. For hva er det som skjer når vi synger sammen? Barnet får observere barn og voksne som synger og bruker språket – og ved å bli med på å synge får barnet prøvd ut det nye språket helt uforpliktende. Sangmelodien bidrar også til at intonasjon og vanskelige språklyder blir plassert helt riktig rytmisk sett. Selv om noen sangtekster kan være litt pussige («Alle fugler små de er») så er det likevel uforpliktende språklek. Alt dette bidrar positivt til språktilegnelsen (Høigård 2013; Kibsgaard & Husby 2014).

Å lure hjernen med sang

Det å snakke og bruke språket kommunikativt og det å synge en sangtekst, er to ulike operasjoner for hjernen (Sacks 2007). Derfor kan mennesker som har hatt slag og mistet evnen til å snakke, fremdeles synge en sang. Enkelt sagt kan man si at å synge sanger på norsk, gjør at vi lurar språket inn i hjernen. Hjernen koser seg med å være sammen med de andre i sangsamværet og aner fred og ingen fare. I mellomtida foregår det en hel masse ting, som for eksempel at tunga øver seg på alle nye krumspring den må foreta i det nye språket, og at fraser og setninger setter seg fast i hukommelsen. Og én dag hører du at barnet med et annet morsmål bruker fraser fra en sang for å oppnå kontakt: «Hei hei, god dag på deg!» Slik blir det respons av fra de jevnaldrende (og fra de voksne – det kan jeg love deg).

Eksempelet brukt i denne teksten er barn i barnehagen, men sang som en mulig vei inn i et nytt språk har ingen aldersgrenser. Det som er beskrevet her fungerer like bra på mennesker i alle aldre, så syng ut!

Nora Bilalovic Kulset er postdoktor i musikkvitenskap ved Institutt for musikk, Norges teknisk-naturvitenskaplige universitet (NTNU). Mellom andre ting fokuserer forskinga hennar på korleis bruken av song og annan slags musikk kan styrke tilknytning, språktilegning og generell hugnad for unge og gamle.



Marie Dubu

Kapittel 1: Organisering

Som i alle andre prosjekt byrjar all framgang med klok og gjennomtenkt planlegging. Å arbeide med flyktningar og dei strukturane og institusjonane som omgjev dei, gjer at ein treng meir kunnskap om visse emne. I dette kapitlet kjem me til å gje nokre ålmenne råd om korleis ein kjem i gang, kva hinder ein må sjå opp for, og korleis ein oppnår kunnskapen, den økonomiske støtta, og den strukturen ein treng for å gjennomføre prosjektet. I alle land, område og byar kjem utfordringane og omstenda til å vere ulike, så desse råda er nokså generelle. Du kan nytte dei som ei sjekkeliste å referere til under din eigen prosess. Korleis kan ein overføre dei ålmenne innspela til din særskilde situasjon?

Korleis ein kjem i gang

Ein idé

I sjølve kjernen til eit gjennomførleg prosjekt finst ein gjennomtenkt og utarbeida idé. Som me kjem til å ta opp her under, kan det å arbeide og samarbeide med organisasjonar og institusjonar som driv flyktingleirar og -mottak vere utfordrande på fleire måtar. Dette tyder sannsynleg at den fyrste idéen din vil måtte utviklast og endrast mange gonger, men det gjer det berre enno meir naudsynt at opphavsidéen er godt gjennomtenkt. Det er mykje lettare å endre i ein struktur som allereie er gjennomarbeida. Så, til å byrje med burde du sjå grannsamst på kva slags utgangspunkt dine eigne dugleikar og tilgjengelege resursar gjev deg. Burde du byrje med ein særskild kunstnarleg eller musikalsk idé, eller med eit sett pedagogiske konsept? Svaret er sannsynleg ein stad midt imellom, og metodane du har lyst til å bruke høyrer sannsynleg tett saman med kva slags musikalske konsept som høver kva du kan frå før og kva du er flink til. Dei fylgjande stega, og korleis ein skal gjennomføre dei, må alltid peike attende mot* – og truleg også påverke – den opphavlege idéen på nokon måte. Sjølv om det er ein fordel å byrje med ein handfast og gjennomtenkt idé, burde han ikkje vere for komplisert, og bør vere utforma på ein måte som gjer at han let seg tilpasse til dei justeringar og endringar som kan vere naudsynte gjennom prosessen.

Studiar

For å kunne skape ein gjennomførleg plan, kjem du til å bli tvungen å lese deg opp. Eitt steg er å finne målgruppa: Kjem deltakarane til å vere born, tenåringar, unge vaksne eller eldre? Kva opphavsland kjem til å vere representerte på plass? Finst det nokre kulturskilnader du bør tenkje på på førehand? Kva slags aktivitetar finst allereie på mottaket eller leiren? Du må også sjekke at det ikkje finst nokre reglar som gjer det vanskelegare å vitje dei, som påverkar om dei får lov til å dra frå mottaket, eller påverkar kva du får lov til å gjere når det kjem til å dokumentere, fotografere og liknande. Ta kontakt med mottaket eller leiren tidleg i prosessen for å få svar på så mange av desse spørsmåla som mogeleg.

Samarbeid

Kor flink og evnerik du enn er kjem det alltid å vere ein fordel å ha nokon å samarbeide med, aller helst frå innsida av mottaket. Sjå på dine eigne sosiale og profesjonelle nettverk: Kven kunne det vere godt å ha med seg på prosjektet? Dette kan gjelde både andre dirigentar, musikarar eller lærarar, og sosialarbeidarar og andre som driv på innan offentlege, religiøse eller private organisasjonar du kjenner til. Om dette er fyrste gongen du arbeider med flyktingar er det sannsynleg at du kjem til å springe på ei heil mengd heilt nye utfordringar, og det at du har nokon du kan samtale med og møte utfordringane saman med, er noko me verkeleg vil råde til. Når du leitar etter partnerar bør du også tenkje på kva slags kunnskap og dugleikar du kjem til å trenge, og kva av dette du kanskje ikkje har sjølv. Flyktingar kan kome frå vanskelege og traumatiske opplevingar frå reisa, eller frå staden dei kjem frå. Er dette noko du klarar av? Kjenner du nokon som har røynslar av dette frå tidlegare? Ta kontakt med andre, og bygg eit godt lag.

Støtte

Samanlikna med mange andre ting er samsong ein ganske rimeleg aktivitet. Om du kan finne eit høveleg stort rom og ein flink dirigent, så har du stort sett det du treng. Men det tyder ikkje at du skal undervurdere kor viktig det er å få rett støtte til prosjektet ditt. Du må også, ut frå omstenda, vurdere om du ynskjer deg å ha ein assistent under øktene du legg opp til. Det finst mange mogelege kjelder til støtte for kulturaktivitetar med migrantar. Denne handboka har fått støtte av Erasmus+-programmet i EU, og i tillegg til den slags internasjonale program bør du også søkje om støtte i ditt eige land og område.

Det viktigaste å hugse på for kunne å få støtte er å ha eit budsjett, ei tidslinje og ein plan for prosjektet, og at desse bør vere så tydelege og detaljerte som det går. Arrangér på førehand, skriv utkast til intensjonsavtalar med potensielle samarbeidskontaktar på førehand, og freist å spesifisere kvar einskild kostnad for å gjere budsjettet gjennomførleg og realistisk. Både lokale selskap og lokale og statlege offentlege ordningar kan vere gode stader å finne støtte. I somme tilfelle har kanskje organisasjonen som driv leiren eller mottaket eit lite kulturbudsjett. Sjå til å ta kontakt med organisasjonar og folk som kan hjelpe deg å søkje om støtte.

Kommunikasjon

Om ein skal få partnerar og samarbeidskontaktar med seg, er nykelen korleis ein kommuniserer. Ikkje berre bør du ha tenkt gjennom planen og budsjettet, men du bør også tenkje på korleis du skal presentere dette på ein så tydeleg og forståeleg måte som du kan. Det er også viktig at du les deg opp og freistar å skjønne korleis liva til dagleg ser ut for flyktingane, og for dei friviljuge og tilsette som arbeider med dei. Om du kan skjønne kva dei treng og kva utfordringar dei har, kjem du også å vere betre rusta til å lage ein plan og formidle han til alle som er involverte.

Ei anna side er det å gjere prosjektet synleg for andre. Om du greier å formidle prosjektet godt til media, kjem det til å vere ein god indikasjon på at du har eit godt gjennomtenkt prosjekt. Det er derimot ikkje sikkert at alle flyktingane er i ein situasjon der det å bli eksponert er noko ein ynskjer seg, dette kan til og med vere ulovleg. Om du har tenkt å vere synleg i media, må du klårgjere den typen av spørsmål fyrst.

Logistikk

Når du har støtte, avtalar og grunnplan på plass, er det på tide å ta tak i dei spesifikke spørsmåla. Kva tid, og kor ofte skal de syngje? Finst det rom og fasilitetar på plass på mottaket eller leiren, eller skal du flytte deltakarane til ein annan stad? Treng du piano eller andre instrument, og i så fall, har du tilgang til noko? Korleis ser ei vanleg veke ut for deltakarane, og kor mykje tid har du til aktiviteten din?

Alle råda me har kome med her over handlar om å finne svar på spørsmål som desse, og det er berre når du kjem til desse spørsmåla som du kjem til å finne ut av om planen din vil verke eller ikkje. Gjer han ikkje det, er det på tide å sjå seg om for ting ein kan endre på i korleis ein organiserer prosjektet.

Utfordringar på eit felt som er i stadig endring

Talet på flyktningar, og den generelle flyktningsituasjonen, kjem alltid til å bli påverka av mange ulike faktorar. Som me har nemnt tidlegare er talet på flyktningar i dag historisk høgt, og klimaendringar, folkeauke i utviklingsland, og konflikhtar i mange område, mellom anna, talar for at dette ikkje kjem til å endre seg innan ei nær framtid. Med andre ord kjem det sannsynleg i lang tid framover vere ein trong for konstruktivt og kreativt arbeid for å gjere liva til flyktningar betre, og for å hjelpe dei i integreringa.

Det er likevel slik at nasjonal politikk og den tilgjengelege infrastrukturen for å handsame situasjonen, kan endre seg på mange måtar, ut frå kvar ein bur og kven som styr landet på det tidspunktet. Flyktningleirar og mottak blir ofte drivne på kort sikt, og mange av kontaktane våre har sett mottak flytte eller bli lagt ned medan dei heldt på å setje opp eit prosjekt. Denne uføreseielege situasjonen kjem mest sannsynleg til å påverke arbeidet ditt på mange ulike måtar, og ikkje minst kjem det til å påverke arbeidstilværet for dei som arbeider på mottaka.

Det er her det blir naudsynt å kunne tilpasse seg. Kva gjer du om flyktningmottaket blir nedlagt, og du framleis har tid og støtte for å gjennomføre prosjektet? Eller kanskje samansetjinga av deltakarar endrar seg brått? Det finst ikkje nokre enkle svar til den slags utfordringar, men når ein arbeider på dette feltet må ein alltid vere førebudd for den slags hendingar, og vere kreativ i korleis ein finn nye vegar og løysingar for prosjektet sitt.

Ikkje berre kan dette påverke strukturen og organiseringa i prosjektet, men også det daglege samarbeidet og samtalen med tilsette og deltakarar. Den norske musikaren Igor Dunderovic summerte dette på ein god måte då han skreiv om å ha arbeidsverkstad på asylmottak: «Jeg kan nå med hånda på hjertet rapportere om at ikke en eneste workshop har gått som planlagt» (Dunderovic 2017). Opplevinga hans var ei fylgd både av korleis ting vart organisert på mottaket, men også kor uføreseieleg det var med deltakarar. Kjem dei til å møte opp? Kjem dei neste veke? Er dei vane ved å syngje? Kva musikalsk nivå bør du vente deg?

Den typen av spørsmål kjem me til å ta opp vidare i kapittel 3, 4 og 5, men når det kjem til å organisere prosjektet, er den beste måten å førebu seg for slikt det å planleggje for ulike utfall. Kjem opplegget du har for øktene til å verke både med små og store grupper? Kva om du berre har ein deltakar? Ver førebudd på å improvisere, og for å endre planen medan du held på. Det verste du kan gjere er å gje opp av di det ikkje gjekk som du hadde tenkt deg. Om det berre kjem to deltakarar, kan det framleis vere svært verdfullt for dei. Om asylmottaket forsvinn kan det framleis finnast andre flyktningar som kan ha glede av initiativet ditt.

Strukturen på mottak og leirar, og ikkje minst livssituasjonen og dei traumatiske opplevingane mange av flyktningane har vore med om, kjem til å påverke arbeidet ditt på mange måtar. Du kan berre førebu deg på dette til ei viss grense når du planlegg prosjektet. Like viktig som evna di til å planleggje og strukturere arbeidet, er altså korleis du møter, handsamar og reagerer på desse utfordringane. Det er difor me har kalla neste kapittel for «Haldningar».



Kapittel 2: Haldningar

Innleiinga slutta med Kulsets historie om Farah på barnehagen, og i dette kapitlet om haldningar skal me byrje med historia om Louis og «Gjestfri korsang», av professor Anne Haugland Balsnes. Desse historiene står for noko av dei beste utfalla me har kunna finne i samsong med flyktningar og migrantar, og er tenkt som inspirasjon for at du skal vilje bruke dei musikalske kunnskapane dine til glede for folk som står på dørstokken vår. Teksten til Balsnes viser i tillegg viktige aspekt du bør sjå på når du planlegg prosjektet ditt. Det er aspekt som kanskje er mindre handfaste enn detaljerte planar og budsjett, men ikkje mindre viktige for det. Særskilt gjeld det korleis du skal førebu deg mentalt, og kva slags haldningar du skal late gjennomsyre prosessen. Etter historia til Louis kjem me til å diskutere nokre av desse aspekta vidare.

Gjestfri korsong

av Anne Haugland Balsnes, norsk musikkprofessor.

Louis overlevde folkemordet i Rwanda, men mistet hele familien. Han flyktet og kom til Norge. Livet var vanskelig og han følte seg alene. Etter en stund ble han med i et multikulturelt kor. Koret forandret alt, forteller han. Å ha korøvelsene å se frem til, gjorde tilværelsen mer meningsfull. Han lærte de andre en sang fra sitt hjemland som slo godt an i koret og fikk også solistoppgaver. Etter hvert kunne han se på seg selv som noe mer enn flyktning – han var stolt korsanger og solist – en som hadde noe å bidra med. Å synge sammen med korvennene gav ham livsmot. Koret ble hans nye familie. Det bidro til integrering i et nytt land og totalt sett til et bedre liv.

Hva sier Louis' fortelling oss om korsang for flyktninger?

Å synge i kor handler om samarbeid, fellesskap og samhörighet. I kor utvikles vennskap og nettverk bygges. Koret kan bli et sosialt knutepunkt som motvirker isolasjon og ensomhet – noe som er særlig viktig for flyktninger i et nytt land. Det kan bli et sted hvor man hører til og er ventet – en ny familie.

Mange flyktninger mangler arenaer hvor de føler seg betydningsfulle. I mange velmente tiltak blir de passive mottakere av hjelp. I et kor bidrar alle til å skape en felles klang. Man lærer nye sanger og utvikler seg. Å synge i kor gir mestringsopplevelser som igjen fører til økt selvtillit og opplevelsen av å bety noe, være en ressurs. Som Louis kan man se seg selv som noe mer enn flyktning.

Alle mennesker trenger å ha noe fast å gå til og noe å se frem til. Ikke minst for flyktninger som ofte har en uforutsigbar tilværelse i et ukjent land er dette viktig. Involvering i en regelmessig, verdifull aktivitet bidrar til opplevelsen av mening og sammenheng i livet. For mange flyktninger er korsang også kjent fra hjemlandet, og dermed noe som skaper forbindelse til livet før flukten. Korsang kan gi en sterk, konkret og lydlig opplevelse av samhørighet og av å være del av noe større enn seg selv.

Sangstemmen er en del av kroppen og nært knyttet til pusten. Derfor gir sang fysisk avspenning, trener muskler, skjelett og lungekapasitet, og gir en generell opplevelse av fysisk velvære. Korsang gir dessuten glede og oppstemthet i tillegg til en generell opplevelse av følelsesmessig velvære. Å synge i kor beskrives som å få et kick, som en forelskelse eller som en rus man kan leve lenge på. Slike gode opplevelser er betydningsfulle for helse og livskvalitet.

Noe av det viktigste for å bli integrert i et nytt land, er å lære språk. I et kor kan man lære et nytt språk i en uhøytidelig sammenheng, både ved hjelp av kommunikasjonen som foregår på korøvelsene og sangtekstene. Man trenger ikke snakke språket flytende for å være med som fullverdig kormedlem. Sosiale kontakter er også avgjørende for integrering, og koret bidrar i så måte.

Å synge i kor er den aller enkleste måten å musisere på siden selve instrumentet – sangstemmen – er en del av kroppen. Man trenger kun en gruppe mennesker, et sted å være og en korleder for å lage et kor. Det er likevel ingen selvfølge at et kor skal gi alle de gode gevinstene som er nevnt ovenfor. Det er avgjørende at både den sosiale og musikalske delen av korpraksisen er preget av gjestfrihet.

Koret Louis er med i består av en salig blanding av nordmenn og folk fra forskjellige land. Alle blir møtt med et håndtrykk eller en klem, og «Velkommen til oss, så hyggelig å se deg, håper å se deg neste uke!» Noen av sangerne får ekstra oppfølging, som en tekstmelding på øvelsesdagen eller transport.

Pausene er viktige for det sosiale samværet. Ofte er det samlinger utenfor øvelsene, som kveldsmat eller fotballkamp. Korøvelsene er preget av en avslappet atmosfære. De starter ikke alltid på tiden, og folk forlater ikke alltid øvingslokalet når tiden er ute. Det er ingen form for registrering eller medlemsliste, noe som betyr at folk kommer og går. Lederne anstrender seg for å snakke 'enkel' norsk for å hjelpe nykommere å oppfatte informasjonen som blir gitt.

Hvem som helst kan bli med i koret. Filosofien er at alle kan synge – det handler bare om tid og øvelse. Og det er viktigere å synge med 'power' enn å synge 'pent'. På øvelsene er det lov å gjøre feil, og det er mye latter.

Koret synger enkle trestemte sanger. De bruker aldri noter, men lydfiler er lagt ut på nettet slik at medlemmene kan øve hjemme. På grunn av stadig og hyppig utskiftning av medlemmene er det nødvendig med noen 'søylere' eller støttesangere i hver stemmegruppe.

Lederen av koret til Louis oppsummerer formålet slik: «Å samles et sted hvor man har noe å gjøre, hvor alle er på lik fot, og hvor man møtes i et varmt fellesskap som det å synge er.» Når et kor er preget av sosial og musikalsk gjestfrihet, kan det gi gode opplevelser og fellesskap og bidra til empowerment, mening og sammenheng i livet. Et gjestfritt kor kan bidra til integrering og til det vi kan kalle bedre trivsel, helse, velvære, livskvalitet – eller simpelthen et bedre liv – for mennesker i et nytt land.

Anne Haugland Balsnes (f. 1969) er professor i musikk og forskningsleiar ved Universitetet i Agder og ved Ansgar teologiske høgskule i Kristiansand, Noreg. Ho er også utøvande dirigent og songar.

Balsnes studerte KIA multikulturelle gospelkor i Kristiansand under våren 2012. Koren er del av KIA, som står for Kristent interkulturelt arbeid. Studiane bygde på deltakande observasjon og intervju, og fokuserte på medlemmar med bakgrunn som flyktningar. To av dirigentane og fem songarar frå ulike land vart intervjua. Ein av dei var Louis, som ho fortel om her.

Kva kan vere annleis?

Kvifor skulle me gå ut frå at det å syngje saman med flyktningar skulle krevje ei handbok som denne? Er det ikkje som kva som helst anna kor? Er det ikkje rart å gå ut frå at samsong med flyktningar er annleis enn å syngje med nokon annan? Desse er viktige spørsmål, ikkje berre fordi me ikkje må gå i fella av å forminske folk til merkelappen «flyktning», men også av di du bør sjå på kva som utgjør skilnaden.

Me går ut frå at folk over heile verda delar same draumar og voner for sine eigne liv, men utgangspunktet deira og vegen til måla kan variere veldig. Mest sannsynleg kjem det som skil deg mest frå dei du kjem til å møte under prosjektet ditt, til å vere vegen som tok dykk til staden der de møttest. Etter å ha vore med om ei farefull reise og å ha flykta langt, langt heimanfrå, har du sannsynleg eit anna perspektiv på delar av livet. Du ville også ha større trong for eit venleg andlet, ein klem, eller eit varmt velkome, kvar du enn er.

Det er difor dirigenten i koret til Louis utvikla denne særskilde filosofien og rutinane for korøvingane, og det er difor du burde vurdere nokre av aspekta av dine eigne haldningar, fordomar og bakgrunnskunnskap når du arbeider med flyktningar.

Det finst også nokre potensielle skilnader i kultur, tradisjon, og korleis deltakarane ser på musikk og song generelt, og korleis slike aktivitetar blir organiserte. Dei kan både påverke di praktiske tilnærming, korleis du skal ta føre deg arbeidet pedagogisk, og dine generelle haldningar når du organiserer og leier prosjektet ditt.

Her under kjem me til å diskutere nokre av sidene du bør tenkje på vidare.

Eit varmt og venleg venskap

Som me allereie har teke opp, kan det å arbeide i flyktningleirar og mottak vere uføreseieleg og krevjande. I tillegg til å førebu deg for dette når du organiserer prosjektet, bør du vurdere di eiga evne til å møte uføresette arbeidstilhøve. Korleis reagerer du om eit prosjekt sporar av frå den opphavlege planen? Du bør førebu deg mentalt for utfordringar når det kjem til kor flinke deltakarane er på å fokusere, og sannsynleg også kring saker som å møte opp kvar veke og å kome i tide.

Vårt beste råd vil vere å halde deg til planen og formidle til deltakarane kva du ventar av dei så best du kan. Om du opnar for for mykje tilpassing i timeplanen, er det mogeleg at det kjem til å skiple arbeidet ditt. På den andre sida ser me, om me ser attende på koret til Louis, at ein alltid bør ha ei open dør og ei venleg og varm tilnærming til arbeidet sitt, for å få deltakarane til å halde fram med å kome. Utfordringa her er å ha ei høveleg balanse mellom desse to sidene.

Fleire av informantane våre nemner også det med kulturskilnader. Dette kan ha å gjere med deltakarane og deira tidlegare opplevingar – eller fråvære av – med samsong. Heile opplegget kan vere ukjent for nokre, og velkjent for andre. Utfordringa, og den viktigaste faktoren, er å finne ei tilnærming som kan inkludere alle, same kva erfaringar dei har frå tidlegare. I somme tilfelle kan det også finnast kulturskilnader i korleis born og kvinner blir møtte.

Nykelen er framleis å freiste å halde ei open dør, og ikkje vere for dømande om noko av dette skulle bli eit problem. Lytt, og gjer ditt beste for å skjønne kvar dei ulike deltakarane kjem frå, og kvifor dei kjenner som dei gjer. Om du kan ha ein open samtale har du også eit betre høve å finne løysingar som kan verke for alle, og få dei til å halde fram med å kome og kjenne seg velkomne.

Kva kan du altså gjere for å førebu deg sjølv og skape den beste mogelege omgjevnaden for øktene dine? Sjølv om du alltid må vere førebudd for å kunne løyse uføresette situasjonar kan du i tillegg lese deg opp, og førebu deg for å møte ulike slags menneskjer og situasjonar. Om du kan lære deg om samansetjinga av deltakarar på førehand kan det vere ein fordel. Kvar kjem dei frå, og kva alder, kjønn og livssituasjon finn du hjå dei?

Når du har fått greie på det, bør du vurdere om du skal lære deg litt meir om landa og kulturane som er representerte i gruppa. Kva er dei viktigaste kulturane, religionane og folkeslaga frå landa songarane kjem frå? Kva kan du få greie på om reisene dei har vore gjennom?

Om du kan identifisere deg med dei, og vise at du skjønar og delar nokre sams referansar om opphavslanda og -kulturane deira, har du alle sjansar til å få ein god start. Dette kjem også til å førebu deg på å kunne skjøne og respektere alle ulikskapar som kan kome fram under øktene.

Det å studere dette på førehand kan også gjere at du ser annleis på din eigen bakgrunn, og dekonstruerer dei viktigaste sidene av dine eigne kulturelle referansar og tilhøvet ditt til organisert samsong. Kva førehandsmeiningar har du, og kvar kjem dei frå? Finst det nokre sider av din eigen kultur som kan sjå rare ut for dei som kjem utanfrå? Ville det gje meining å endre di eiga tilnærming? Kanskje det finst interessante element å ta med seg frå andre musikalske kulturar?

Me kan summere dette i følgjande: Vis respekt, og ver audmjuk og open for alt som kan hende, og alt som kan vise seg å vere ulikt. Den beste måten å få ting til å hende er å lære deg meir sjølv, og sjå kritisk på din eigen kultur og kva du representerer. Om du lukkast med dette, bør du også lukkast med å skape ein varm, open og venleg fellesskap, der magiske musikalske møte kan finne stad.

Kva mål har du?

Eit anna aspekt som er viktig å reflektere over, er kva målsetjingar du har for prosjektet. Ei fallgruve som fleire har nemnt er faren som ligg i å instrumentalisere flyktningane. Om målet ditt er å lage eit prosjekt med eit visst kunstnarleg resultat, eller kanskje med ambisjonar om mediadekning eller anna offentleg merksemd, finst det ein risiko for at du missar oversikta over kva du bør fokusere på i denne typen av arbeid.

Tania Canas, kunstnarleg leiari for den australske organisasjonen RISE: Refugees, Survivors & Ex-detainees (Flyktningar, overlevarar og tidlegare innsette, summerer dette presist i ein tekst der ho skriv om ti ting ein bør tenkje på når ein arbeider kunstnarleg med flyktningar. Teksten er konsis og tilgjengeleg, og lesing me gjerne vil råde til alle, men me ynskjer å framheve følgjande hovudspørsmål:

«Set kritisk spørjeteikn ved kva intensjon du har. Kampen vår er ikkje ein sjanse, og kroppane våre er ikkje valuta du kan byggje ein karriere med. Heller enn å berre fokusere på dei 'andre' ('kvar finn eg flyktningar', og så bortetter), må du utsetje dine eigne intensjonar for kritisk, reflekterande analyse. Kva motivasjon har du for å vilje arbeide med nett dette? Kvifor nett no?» (Canas 2017)

Sjølv om det finst mogelege spørsmål som mykje vel kunne bli sette på som eit kunstnarleg utgangspunkt, og det også finst mykje å lære og vakse frå som musikal i denne typen av arbeid, må føremålet ditt alltid vere å skape den beste mogelege kreative og opne omgjevnaden for dei deltakande flyktningane. Spørsmålet om å opptre offentleg kjem me også til å ta opp her under, men ein ting du må hugse på om dine eigne haldningar til arbeidet, er at fokus må vere på prosessen. Korleis kjem prosjektet til å bidra til livskvaliteten for deltakarane, og kva tener dei på å delta? Kunstnarleg arbeid med flyktningar er ikkje ein arena der du kan syne fram dine eigne kvalitetar som musikal, og du må vere medviten om korleis du møter flyktningane. Unngå å gjere dei til rekvisittar i noko slags kunstprosjekt. Fokuser på den songlege prosessen.



Marie Dubu

Kapittel 3: Repertoar

For eit kor med unge flyktingar kan valet av repertoar vere viktigare enn for andre kor. Songane dei syng kjem til stor del å påverke opplevinga av samhøyr med koret hjå flyktingane, og som ei fylgd av dette, framgangen til heile prosjektet. Det finst mange kriterium ein bør sjå på for korleis ein skal velje repertoar for unge flyktingar. Det kan vere ei utfordring å velje passande songar, med tanke på alle andre ibuande faktorar hjå koret, som alder, profil, kulturell og musikalsk bakgrunn, og opplevinga av å vere flykting. Og før ein kjem dit ein gong kan det vere enno meir utfordrande å finne noko å velje mellom.

I dette kapittelet kjem me til å gje deg nokre idéar og råd, som korleiarar for ulike flyktingkor har vore venlege nok å dele. Vonleg kjem dei til å hjelpe deg å hanskast med nokre av utfordringane du kan møte når det kjem til å velje repertoar for unge flyktingar.

Innan spanna for Sing Me In har me samla og organisert repertoarressursar. Repertoarhandboka vart formgjeven som eit verktøy for at du skal kunne byggje ut repertoaret og idéane i fleire retningar, når du arbeider med flyktingkor. Du kan laste ned den spesialgjorde handboka «Sing Me In: Repertoarsamling», frå nettsida vår www.singmein.eu.

Korleis du vel eit repertoar

Lag ei samling å gå ut frå

Når du har lese deg opp på det du skal, og samla informasjon om kormedlemmane, kan du byrje å lage ei samling av songar til å ta utgangspunkt i. Aldersspanna kjem til å vere ein avgjerande faktor i valet. Om du skal arbeide med flyktingborn under 12 år, kan du sjå på barnekorrepertoar som er lett å herme og lære seg. For unge vaksne, på den andre sida, kan du leggje til songar med meir avansert språkbruk. Det er også viktig å ikkje avgrense repertoaret til berre nokre få språk. Å bruke fleire språk har gode verknader, sidan kvart nytt språk hjelper songarane å opne seg til verda og kulturen i songane.

Me vil sterkt råde alle til å byrje med nokså enkle, livlege og glade songar. Dei fleste flyktningkora brukar barnesongar og tradisjonelle folketonar frå heile verda. For flyktningkor prioriterer ein at songarane skal trivast i koret, for å få dei til å sosialisere og dele inspirerende musikalske augneblink med kvarandre. Difor bør, i tillegg til eit fast repertoar, ei avdeling med improviseringsleikar* vere del av det musikalske grunnlaget i koret.

Det er viktig å ikkje nytte kompliserte stykke på framande språk. Mange korleiarar i flyktningkor fortel at dei freistar å velje stykke som er lette i rytme og melodi, med føreseieleg harmonisk struktur og lett språk. Å syngje utan språk, til dømes berre på stavingar eller vokalar som ikkje tyder noko, er også mogeleg. Nokre dirigentar vel å ta med stykke med lett engelsk, eller songar som har mange gjentakingar av ord, frasar og motiv.

Ein leiar av ei flyktninggruppe i Tyrkia peikar på at denne typen av prosjekt kan få ein lettare start om ein har melodiar som flyktningane kjenner frå før av. Det er kanskje ikkje så lett å finne felles materiale for alle, men ein kan i så fall freiste å byrje med enkle melodiar. I land der ein til vanleg ikkje nyttar vestleg noteskrift, bør songane vere så lette at ein kan lære seg dei berre gjennom å gjenta. I mange ikkje-vestlege kulturar er songarane mest vane ved å syngje einstemt, så det kan vere lurt for dirigenten å vente med å dele dei inn i stemmer. Det går også å nytte songar med akkompagnement, som gjer det mogeleg å ha raskare framgang enn om ein berre syng a cappella.

Når du har sett opp startrepertoaret kan du nytte det for dine fyrste øvingar. Du kan så revidere det etterpå, på grunnlag av kva tilbakemeldingar du får frå gruppa, gjennom å ta bort songar som ikkje høver dei, eller å leggje til andre som går betre inn i korleis koret verkar. Sjølv om det i eit vanleg kor ville vere lurt å planleggje repertoaret for heile semesteret før ein byrjar, er det viktigaste med flyktningkor at ein kjem seg inn i prosjektet, og kan tilpasse seg på vegen.

Att koristane sjølve får påverka repertoaret

Michael Betzner-Brand, grunnleggjaren av [Begegnungschor](#) i Berlin sa i ein samtale på chor.com at dei let songarane delta i valet av repertoar. Det finst ei repertoargruppe som leiter etter songar på nettet, og legg fram idéar til dirigenten, som ser om det går å syngje dei, om det går å finne notar, eller om han kan arrangere songen sjølv. Dette oppmuntrar til demokratisk deltaking i koret, og gjev ei påliteleg kjensle for songarane av å høyre til koret, sidan dei sjølve kan påverke korets kunstnarlege val. Likevel bør alltid dirigent eller kunstnarleg leiar ha siste ordet i valet av repertoar.

Ein annan vanleg praksis mellom flyktningkor er at kormedlemmane får ta med songar i deira eigne språk. Songane dei tek med gjev ein variasjon i språk og stemning til repertoaret. Songarane kan også sjølve få lære ut desse songane til koret, så langt songaren det gjeld er trygg nok til det. Uansett kan dei alltid syngje ein versjon av songen for alle, eller for nokre utvalde. Om dei ikkje greier å kommunisere med koret kan dirigenten introdusere songane til gruppa gjennom å ta hjelp og få innspel frå dei einskilde songarane. Dette er kanskje det mest verknadsfulle, sidan det også skapar samhøyr mellom kormedlemmane. Dei får høve til å dele noko av kven dei er, av deira kultur og deira språk, gjennom musikk, i det nye landet dei freistar å tilpasse seg til. Det å ha songar som dei kjenner att og lett kan syngje i repertoaret, får dei til å kjenne seg meir som heime, og meir trygge i det dei gjer.

Valet av språk

Det er svært viktig å ha songar på morsmåla til songarane i repertoaret. Å ha med songar frå vertslandet kan også hjelpe dei å tilpasse seg til sitt nye land gjennom koret. Å syngje songar på eit nøytralt språk, altså eit språk som ingen av songarane talar som morsmål, kan også auke opplevinga av fellesskap, sidan alle delar same grad av kjennskap med songane – til dømes når syriske flyktningar i Tyskland får syngje songar på ulike afrikanske språk. Ein må også hugse på å ikkje gå ut frå at vestleg populærmusikk er noko alle kjenner godt. Til dømes er det fullt mogeleg at eit syrisk flyktningkor ikkje kjenner til ein song av Michael Jackson på same måte som eit vestleg kor sannsynleg skulle vere.

Det finst mange oppfinnsame måtar ein kan nytte språk på korøvingane, alt frå å skrive historier som inkluderer alle kormedlemmane, til å setje saman songar med forteljingar, eller – særskilt med born – å setje saman song med rørsler. Som me tek opp seinare er teikn og gestar eit grunnleggjande verktøy for å kommunisere med gruppa. Om desse gestane kan bli kombinerte med særskilde ord og meiningar, kan innhaldet i songane mykje lettare bli formidla til koret.

Vanskegrad

Med eit flyktningkor peikar nesten alle dei beste resultatane på at ein bør nytte eit ganske lett repertoar. Det er viktig å sjå på nivået til koret, og tilpasse nivået på repertoar til det. Ikkje gløym at det viktigaste med dette korprosjektet er å inkludere nokon sosialt gjennom det dei får til musikalsk. Når både oppmøtet og opplevinga av samhøyr fungerer godt i koret, kan du ta inn meir krevjande songar å arbeide med. Hovudpoenget bør aller fyrst vere å heller skape ein atmosfære for å syngje saman, enn å setje høge musikalske mål.

Vidare kan noko som verkar å vere lett med vestleg målestav, heller vere svært vanskeleg for folk med annan bakgrunn. Til dømes kan ein songar som er van ved å høyre på unison song oppleve det som sjokkerande å freiste å syngje fleirstemt. For å gjere dette lettare kan nokre praktiske løysingar vere å leggje til ostinatostemmer, å stelle stemmegruppene på heilt ulike plassar i rommet, eller noko anna. Det å syngje fleirstemt kan ein også vente med. På den andre sida kan det som høyrer rart ut i vestlege øyro, vere heilt vanleg for nokon frå ein annan kultur, til dømes mikrotonale maqam-modalitetar eller ornamenteringsteknikkar for ein syrisk flyktning. Desse ulike kunnskapane kan ein også ta inn i verktøykassen til koret, og late nokre av flyktningane vise sine eigne ekspertområde.

Me vil råde til å byrje med songar utan ord, eller songar med enkle ord men utan frasar. Døme på dette er kanonane 'Hello', 'Fruit canon', 'Tumba' og 'Nimba'. Det er også mogeleg å bytte ut teksten med ord frå eit anna språk. Du finn denne typen av kanonar og anna repertoar i repertoarsamlinga vår.

Kreativitet og improvisasjon

Det finst alltid rom for improvisasjon i eit flyktningkor. Nokre, kanskje til og med mange, songarar har aldri lese notar, men lærer seg truleg på øyra. I den prosessen kan improvisasjon spele ei viktig rolle, særskilt i å gjere gruppa klar til å andast og kjenne noko saman. Ein av informantane våre fortel om ein dirigent av eit flyktningkor tek med sitt indiske harmonium på øvingane. Då kan han sjølv eller nokon av dei med musikkbakgrunn framføre ein improvisasjon på instrumentet, eller syngje songar for koret under øvingane. Det finst også døme på dirigentar som nyttar improvisasjons- eller isbrytarleikar, særskilt under oppvarminga.

Få gruppa di i rett rytme gjennom å aktivt få med dei i improvisasjonar. Dette verkar best om du finn ein stabil rytme for heile gruppa, og der einskilde medlemmar eller små grupper improviserer på toppen. Ei gruppe med lita musikalsk erfaring kanskje oppleve det som vanskelegare å improvisere fritt, men styrt improvisasjon kan styrke kreativiteten i gruppa gjennom å gjere songarane meir aktive.

Resursar

Ein kan finne resursar for repertoar gjennom mange ulike kanalar.

Det finst resursar på nett, til dømes rikhaldige sider som Musicanet², Choral Public Domain Library (Det opphavsrettsfrie korbiblioteket) eller International Music Score Library Project (Det internasjonale notebiblioteksprosjektet). For den særskilde typen av songar me gjerne vil tilråde til flyktningkor, kan Sing Me In: Repertoarsamling også vere til nytte. Mange dirigentar har også sagt at dei freistar å finne praktiske måtar å få notar av vener og kollegaer frå andre land. Som me har nemnt tidlegare er ein annan vanleg måte for å finne repertoar det å spørje songarane. Dei kan kanskje ikkje ta med notar, men likevel gje deg eit bilete av kvar du skal leite etter musikken.

² Musicanet har eit samarbeid med Sing Me In, og har lagt inn repertoar som er kopla til prosjektet. Det lettaste er å søkje på «singme in» i søkjefeltet.



Kapittel 4: Å leie ei økt

Øvingar med flyktningar kjem til å vere heilt annleis samanlikna med eit vanleg amatørkor. Dette kan merkast på mange måtar, til dømes kan det variere veldig ut frå om songarane har kome dit for å syngje friviljug eller ikkje. Dette er nemleg ikkje tilfelle for alle flyktningar, til skilnad frå eit vanleg kor har songarane kanskje ikkje valt om dei vil vere med i koret eller ikkje. Det kan til dømes vere ei avgjerd som styraren av flyktningmottaket har teke, for å sosialisere dei. Det kan i sin tur føre til eit slags skuleliknande omgjevnad, der songarane må gå på kortimen, same kva om dei vil eller ikkje. Ein annan faktor som kan påverke korleis koret blir, er at somme songarar kan vere skeptiske til å syngje av religiøse grunnar. I dei tilfella må du vere varsam, og leggje mykje tid på å gje dei ein personleg motivasjon til å vilje syngje.

I andre tilfelle kan flyktningane sjølv velje å delta i prosjektet. Likevel er det nok ein gong slik at dei, til skilnad frå eit vanleg kor, kan ha svært lite erfaring med å syngje i kor. Difor må korleiarer konsentrere seg om å leggje opp øvingane effektivt, slik at ein kan få gode resultat på kort tid. Generelt sett vil ingenting gå heilt som planlagt i den slags kor, sidan det er så mange faktorar som dirigenten ikkje kan påverke. Det kan vere alt frå arbeidstid, motivasjon, tilgjengelege songarar eller musikalsk førekunnskap.

Å førebu øktene

Som alltid er det fyrste steget å finne ein god stad å øve. Dei fleste flyktningmottak har sannsynleg ikkje perfekte lokale for å lage musikk, men ein god stad å byrje er med eit nokolunde stort rom med stabil temperatur, godt ljøs og nok stolar for at folk skal kunne sitje. Som me nemnde i repertoaravdelinga kan songar med akkompagnement gje musikalske resultat raskare. Om det er noko dirigenten vel å bruke, er det avgjerande å kommunisere godt med akkompagnatøren på førehand, om ein har ein slik. Dirigenten må også tenkje på logistikken, om ein til dømes vil bruke eit klaver må ein sjå om det finst tilgjengeleg, eller om det er noko ein må ta med seg. Av og til kan det også vere vanskeleg med straum- og skøyteleidningar.

Når det kjem til øvingslogistikken, er neste steg etter at ein har funne rett rom, å finne eit opplegg som held på lang sikt. Der kan mat og drykk spele ei viktig rolle. Å ta med noko å ete kan vere ein motiverande faktor for nokre, og det kan også bidra til sterkare gruppesamhald om til dømes folk i lokalmiljøet tek med mat og drykk å dele med seg av. Ein må ikkje sjå sosial tid som bortkasta øvingstid. I staden bør ein sjå på ei stor mengd sosial tid som ei god investering for den nye gruppa.

Korleis ein byrjar

Mange dirigentar har oppgjeve at dei får gode resultat av å innleie øktene med såkalla isbrytarar. Gruppa kjem sannsynleg til å vere litt ofokuserte både i organiseringa og konsentrasjonen. Difor er det ein god idé å samle merksemda før ein byrjar med musikken. Eit alternativ kan vere å fokusere merksemda gjennom å gå rett på musikken, om ein vel eit stykke som er lett å syngje. For ei vidarekomen gruppe kan dette vere ein song dei har sunge dei siste gongene, og for ei nybyrjargruppe kan det vere ein song som dei kjenner godt frå sin eigen bakgrunn. Ikkje-musikalske isbrytarar kan også gje gode resultat, så lenge føresegnene er lette å fylgje, det kan vere lett å gå seg bort om instruksane er for kompliserte, på grunn av språkbarrieren. Om det er tilfelle, sjå til å dele det opp i mindre og lettare delar. Målet er å få samla gruppa, før ein går til det musikalske.

Å finne stoff som høver

Det er avgjerande å sjå kva som kan vere kjensleg for songarane, når ein brukar symbol eller biletlege forklåringar. Dette er ein annan grunn til at ein bør dobbeltsjekke repertoaret på førehand, for å sjå om det finst nokre uføresette psykologiske sideeffektar i innhaldet. Til dømes kan ein enkel og uskuldig song om skip som seglar på sjøen høve godt med det musikalske nivået koret er på, medan det samstundes kan vere slik at mange av flyktingane har hatt mange lange og vanskelege netter på sjøen, der dei kanskje har mist nære vener eller slektningar på ein båt. I så fall ville denne songen kunne vere upassande. Når ein altså førebur stoffet, må leiaren vere svært varsam om ein møter på mogelege trauma.

Å lage eit felles språk og felles gestar

Mange døme har vist oss at flyktingar ofte ikkje er vane ved vestlege dirigeringsteikn. Difor er det kanskje ikkje så lurt å halde seg til ein klassisk dirigeringsteknikk. Heller kanskje ein bør lage eit nytt og felles språk i koret, for å kunne kommunisere. Nokre prosjekt har vist at det å lage det felles språket i seg sjølv kan ha ein positiv verknad på det å kjenne samhøyr i koret.

Ein treng også å ha ei liste med felles gestar, særleg når ein skal arbeide med barnekor. Desse kan fungere som snarvegar på øvingane, om ein har teikn for til dømes da capo, taktnummer, med eller utan tekst, med eller utan rørsler, hopp til slutten, syng etter meg, og så bortetter. Om ein tenkjer på språkbarrieren i flyktingkor kan det vere lurt å byrje med felles gestar svært tidleg i øktene, slik at songarane ven seg til korleis dei skal skjøne kva dirigenten meiner. Dette kjem til å spare masse tid, som elles kunna ha vorte lagd på å forklåre kva som er ulike mellom ulike språk. Til sist må ein tenkje på å ha ei effektiv leiing av øktene, slik at alle held seg vakne og konsentrerte.

Dirigeringsteknikk og øving

Som me nemnde tidlegare kjem dei nye gestane dine å resultere i ein ganske annleis dirigeringsteknikk for koret, som også kan kome til å variere frå prosjekt til prosjekt, sjølv om målet alltid er det same – tydeleg kommunikasjon. Mange dirigentar melder at dei vil råde til at ein er fleksibel, og ikkje insisterer på å gjere det på ein viss måte. Det finst elles mange tilfelle der herming kan vere veldig nyttig som øvingsmetode. Når ein brukar rop-og-svar-metoden bør ein gjere det så enkelt som mogeleg, og halde takten med hendene, føtene eller pianoet. Det kan også hjelpe å klappe rytmen til melodien medan ein syng. Mange dirigentar fortel at dei nyttar rørsler for å hjelpe songarane å hugse teksten og melodien.

Språk

Om gruppa ikkje er så språkleg homogen, kan det vere klokt å leggje tid på å setje om versa til songane under øvingane. Nokre tilfelle i Noreg tyder på at det å setje om ein song frå norsk til morsmåla til songarane, alltid styrker det bandet dei får til musikken. For å unngå mistak eller misforståingar bør ein alltid freiste å sjå til at ein morsmålstalar skriv teksten på det språket som er framand for deg.

Som me har nemnt tidlegare treng du ikkje å tale same språk som songarane for å kunne kommunisere. Musikk er, som nokon sa i eit intervju, eit universelt språk. Like fullt ynskte også den dirigenten å av og til få ha ein tolk til stades, sidan det finst mange praktiske detaljar som det er lettast å formidle gjennom omsetjing. Generelt sett er ikkje dette eit stort problem, sidan det ofte finst nokon av flyktningane som kan hjelpe til med å setje om, anten gjennom engelsk, eller rett til det lokale språket.

I nokre tilfelle kan språket bli eit potensielt hinder. Eit av prosjekta i Noreg fortalde att dei hadde eit ungt kor, med sju ulike morsmål og dårleg kunnskap i norsk og engelsk. Ingen av dei hadde budd i Noreg lenger enn tre månader, og nokre hadde nett kome. Løysinga dirigenten kom med var å nytte herming som hovudsakleg utlæringsmetode, og bruke så lite språk som mogeleg på øvingane, men heller halde seg til kroppsspråk.

Utfordrande tilfelle

Når ein leier ei gruppe med flyktningar kan det dukke opp andre uventa problem, på grunn av kulturskilnader eller annan variasjon i gruppa. Til dømes fortel dirigenten i eit flyktningkor i Tarlabası Toplum Merkezi (Tarlabası samfunnshus) i Istanbul om kva som kan vere vanskeleg når folk har ulik musikalsk bakgrunn.

«Dei fleste av borna har ikkje eit utvikla musikalsk øyra. Eg freistar å lære dei å samhandle, å høyre godt på kvarandre og lage ljod i samklang. Av og til lærer eg dei grunnleggjande musikkunnskap, som å lære dei namna på notar eller rytmar. Eg spelar piano for at dei skal få øve seg på å skilje ljodane frå kvarandre, me improviserer og leiker. Eg viser dei leikar og rytmeøvingar. No er dei vane ved oppvarming og pusteøvingar. Repertoaret vårt inneheld barnesongar og enkle korøvingar med vakre melodiar, som ikkje har nokre politiske, religiøse eller nasjonale element i seg. Dei kan syngje enkle kanonar med meir eller mindre rett rytme, men diverre ikkje alltid reint, ikkje ein gong einstemt. For nokre av koristane er det ganske lett, men for andre er det utfordrande.»

Det kan dukke opp ein del uventa utfordringar for dirigenten, når ein arbeider med folk frå ulike kulturar. I eit anna tilfelle frå ARCAM, eit forskingssenter for asyl- og migrasjonsspørsmål, fortel den kvinnelege dirigenten at «i byrjinga av øvingsperioden aksepterte dei meg ikkje som korleiar, sidan eg er kvinne.» I eit anna tilfelle med eit afghansk ungdomskor oppsto problem rundt det å kome i tide. Dirigenten ynskte at songarane skulle kome i tide til øvingane, men sidan songarane hadde eit heilt anna syn på oppmøtetider, kom dei alltid seint. Når det var tid for ei øving å byrje var ikkje det mogeleg, sidan songarane då berre nett heldt på å kome seg inn, og det var noko som var heilt vanleg i opphavskulturen deira.

I eit anna tilfelle med eit afghansk gutekor, U18, fanst det nokre gitar som alltid laga bråk og styr under øvingane. Dirigenten fortel:

«I eit anna prosjekt eg leidde, der eg hadde ei gruppe med om lag 20 afghanske gitar under 18, hadde nokre av gutane det ein gjerne vil kalle ein typisk versting-attityde og ein sterk trong å vere alfahannen i flokken. Dette var eit krevjande miljø å lage musikk i, og som dirigent vart eg støtt avbroten, så musikken måtte kome i andre hand. Dette var ein annan dynamikk enn det eg var van til, og eg måtte tilpasse stilen min til gruppa, og gjere det meir fysisk, med rørsler, fleire korte pausar, og så bortetter.»

Når ein møter den slags tilfelle, er det viktig at korleiararen greier å vere kreativ, positiv og konstruktiv med gruppa. Kanskje må ein vere litt modig, og freiste å finne oppfinnsame løysingar for den slags problem. Det er også dirigentens oppgåve å skape god stemning i koret, og handsame variasjonen i gruppa på ein måte som gjer han til ein tilgang for koret. Dirigentar kan søkje etter inspirasjon til den typen av leiarskap på fleire stader, til dømes gjennom å sjå etter liknande tilfelle både i deira eige kontaktnett og i dirigeringslitteraturen. Det er viktig å hugse at du som dirigent ikkje er den einaste som opplever den slags vanskar i ei gruppe. Ta det med ro, sjå etter løysingar – og snakk med kollegaene dine.


Dirigentens rolle

I prosjekt med flyktningar må ein dirigent ha mange hattar på seg. Ikkje berre er dirigenten musikalsk ansvarleg for gruppa, men også leiar, motivator og lagbyggjar, eller av og til berre ein god lyttar for dei som treng nokon å tale med. Den musikalske delen av oppgåvene til dirigenten er nokre gonger kanskje berre ein liten del samanlikna med mykje av det anna praktiske dei må løyse.

Mange dirigentar fortel at det daglege arbeidet deira i flyktningmottak til stor del er administrative oppgåver. På den måten er dirigenten kanskje meir av ein gruppeleiar, enn ein kunstnar. Dirigenten for Ankara flyktningkor peikar på at det i hennar kvardagsarbeid er ei stor mengd med logistikkarbeid, for å gjere det mogeleg for kormedlemmane å faktisk få til å møtast. Når ho vart spurt om rolla hennar på øvingane, nemnde ho at ho som dirigent la mykje tid på grunnleggjande disiplin i koret. Hennar erfaring var at flyktningane av og til kunne vere aggressive mot kvarandre, og at dirigenten difor måtte vere sterk i rolla si.

Det finst fleire prosjekt som peiker på at korprosjekt lukkast betre når medlemmane kjenner noko for dirigenten. Sidan det å arbeide med flyktningar ikkje berre har musikalske mål, plar den kunstnarlege delen av dirigentens oppgåver å spele ei mindre rolle i prosjekta. I staden er hans eller hennar evne til å halde gruppa saman, og evna til å få dei til å tru at musikk kan vere ein måte å finne forsoning, viktigare.

Nokre nemner også at dirigenten til tider må leggje meir tid ein og ein med kormedlemmane, enn kva ein kanskje ville ha gjort elles. Grunnen til det kan ha å gjere med at flyktningane kan ha ting dei treng å dele personleg med dirigenten, same kva om det er psykologisk eller logistisk. Difor bør dirigentar i flyktningprosjekt vere budde på å lytte meir på kormedlemmane sine, enn i ei vanleg korgruppe.



Kapittel 5: Framføring

Kor viktig det er for prosjekt med flyktningar å framføre noko, kan variere mykje frå tilfelle til tilfelle. Mange meiner at framføringar ikkje er naudsynte, og at prosessen for å byggje eit godt samhald i koret er sjølve målet. Då er det ikkje avgjerande for songarane å måtte framføre noko på ein scene framfor eit publikum. Øvingar, arbeidsverkstader eller seminar – regelbundne eller ikkje – er i så fall nok for å oppfylle målsetjingane for prosjektet. Andre meiner at framføringar på den andre sida er viktige for flyktningprosjekt, og at det er ein uskiljande del av prosjektet, som gjer stor nytte i seg sjølv.

Er det naudsynt?

Prosjekt som ikkje ser framføringar som avgjerande, meiner at deira hovudmål er å danne eit grunnlag for samsong. Når unge flyktningar møtest for å syngje, får dei eit høve å kome unna sine tidlegare, traumatiske opplevingar, i alle fall emosjonelt. Kanskje det ikkje er naudsynt å avslutte opplegget med ein konsert. Nokre prosjektarrangørar meiner at det er av di det er bortkasta tid og energi. Andre sa at det er av di det er mindre viktig i denne samanhengen, når ein arbeider mer born. Ein prosjektleiar i Mysebu fortalde også at dei ikkje ein gong kunne arbeide mot ei framføring, sidan dei ikkje visste kor lenge borna framleis ville bu der. Om ein ikkje er sikker på at ein har den kontinuiteten, er det vanskeleg å binde seg til å framføre noko.

Dei som prioriterer det å framføre meiner på den andre sida at det har sine egne gode. Mange har sagt at konsertar kan skape større motivasjon i gruppa, og at det å arbeide mot ei framføring gjer koret meir fokusert, sidan dei har eit felles mål. Dei einskilde songarane kan då få betre sjølvkjensle og sjølvtilitt etter å ha gjennomført heile prosessen med øvingar og konsert. I så fall er det viktigaste å få kjensla av å ha oppnått noko. Sidan dei sannsynleg kjem til å involvere andre flyktningar på mottaket i prosessen, kjem dei også til å ha delt opplevinga med dei. Dette kan dei sjå på som ei gåve til familie og andre, og det blir ei opplyftande oppleving også for dei som ikkje er med i koret -

kanskje det også gjer at fleire har lyst å byrje i koret. Om det er folk frå andre delar av samfunnet i publikum, kan framføringa også bidra til at folk blir meir medvitne om korleis flyktningane har det.

Nokre har fortalt om at det å stå på scenen kan gjere borna stolte, og at den applausen dei får då kanskje er fyrste gongen dei får applaus av eit publikum. Det i seg sjølv kan vere ein stor augneblink for mange, og dei kan kjenne seg meir respekterte etter at dei har fått opptre for eit publikum.

Kva utfordringar finst?

Hovudutfordringa når ein arbeider mot ei framføring er at det kanskje ikkje finst ei kjerne som kjem regelbunde på alle øvingane. Korleis det verkar på mottaket, og korleis liva til flyktningane ser ut, kan gjere at ein får ei nokså varierende gruppe mellom ulike økter. Nokre heller kanskje ikkje kan vere med på konserten sidan dei har andre praktiske ting å gjere. Det er også vanleg at mange av medlemmane ikkje har sunge i gruppe tidlegare, og difor ikkje er vane ved korleis vestlege konsertar kan sjå ut. Det å gå på og av scenen, det å bukke etter ein har sunge, og det å oppleve sceneskrekk, er alle døme på ulike tema ein må tale om når dei blir aktuelle.

Det er også viktig å merke seg at ei framføring kjem til å gjere prosjektet dyrare. Om ein ser på kva ein skal ha med på framføringa – andre musikarar, sceneklede, teknikk, leige av lokale, og så bortetter – kan dette påverke budsjettet kraftig. Ein annan ting er sjølvstags også at ei framføring må ha eit publikum.

Korleis løyser ein utfordringane?

Nokre av dei praktiske utfordringane for songarane kan ein førebu seg på gjennom å lage småkonserter på øvingane. Til dømes kan ein liten del av koret framføre ein song for dei andre i koret, som får vere publikum. Dette lagar ei konsertstemning, og gjer songarane vane ved korleis det kjennest ut å stå på scenen. Det er i så fall naturleg om framføringa ikkje er musikalsk perfekt, det er ein naturleg del av arbeidet, og ingen ventar at alt skal gå rett fyrste gongen. Det finst også ting ein ikkje kan påverke, til dømes om ein medlem på kort varsel ikkje lenger kan vere med på konserten av praktiske grunnar. Ting som det må ein berre leve med.

Ein må vere varsam med korleis ein handsamar budsjettspørsmålet. Sidan målet for prosjektet ikkje er å få inn pengar, og dimed ha meir å leggje ut, må ein sjå om ein kan finne lure løysingar for det økonomiske. Eit rimeleg alternativ kan vere å ha ei framføring for dei andre på flyktningmottaket. Eit anna kan vere å ta kontakt med politiske og private institusjonar som gjev støtte til flyktningmottaka, og be dei om praktisk hjelp.

Kvar skal ein opptre?

Aller viktigast for eit konsertlokale er at det er ein stad det er lett å kome seg til, og der koredlemmane kjenner seg trygge. Det er til dømes ikkje rådeleg å ha konsert i ei kyrkje om dei muslimske songarane motset seg. I dei tilfella kan ein heller velje meir nøytrale lokale, som kulturhus eller skular. Lokalet bør ikkje vere for langt frå flyktningmottaket, både på grunn av transport av koret og fordi dei som bur på flyktningmottaket kan ha lyst til å kome. Det er også slik at flyktningane kanskje ikkje har lyst til å reise for langt frå deira noverande heim. Det er viktig å sjå til at flyktningane kan reise enkelt og gratis til konsertstaden, eller kanskje aller helst ikkje må reise i det heile. Mange har nytta skular, kulturhus eller små konsertsalar, men også heilt andre typar av stader, som bibliotek eller lokala til velgjersorganisasjonar, er mogelege.

Å skaffe seg eit publikum

Den enklaste og mest direkte måten å finne eit publikum er å byde inn andre flyktningar. Dette er både ei gruppe som det er lett å nå, og det er i tillegg ein viktig måte å gjere arbeidet meir verdfullt for alle, når songarane får dele det med andre i same situasjon. Å opptre på flyktningmottaket kan også halde utgiftene nede. Eit anna mogeleg publikum er folk som bur i grannelaget. Målet er i så fall å skape kontakt mellom flyktningane og dei som bur i området. Om ein i tillegg inviterer lokale styresmakter kan det hjelpe prosjektet å få merksemd, og det kan også gjere det lettare å få offentleg støtte.

Kva skal ein vente seg av ei framføring?

Slutresultatet vil sannsynleg ikkje bli ein vanleg konsert. Det musikalske resultatet kjem nok til å variere, ut frå dei mange faktorane me har nemnt tidlegare, og det bør heller ikkje vere eit kriterium for om konserten er vellukka eller ikkje. Likevel er det sjølvsagt slik at det å streve mot kvalitet er ein av dei mest motiverande delane av arbeidet.

Ein av dirigentane har fortalt at disiplin, kombinert med medkjensle og forståing, er dei viktigaste elementa for ei vellukka sluttframføring. Med så mange mogelege hinder, kan det vere vanskeleg å førebu gruppa på å halde ein konsert. Mange understreker også at somme medlemmar ofte er borte frå øvingane, og kan vere vanskelege å få til å kome, men så brått dukkar opp att, noko som kan endre planar du allereie har lagt. Av og til kjem heller songarar heller ikkje på konserten. Det gjer at ein ikkje bør vente seg for mykje av ein konsert – anna enn ei fin oppleving som menneskje.



Marina Velasquez

Resursar og referansar

Last ned dei tre andre handbøkene frå Sing Me In frå nettsida vår:

- «Sing Me In: Å inkludere unge med migrantbakgrunn i eksisterande kor»
- «Sing Me In: Å arbeide i eit skulemiljø»
- «Sing Me In: Repertoarsamling»

Developing narratives around Migration

<https://www.ietm.org/en/publications/creation-and-displacement-developing-new-narratives-around-migration?platform=hootsuite>

Canas, Tania. RISE 2017. «10 Things You Need To Consider If You Are An Artist – Not Of The Refugee And Asylum Seeker Community- Looking To Work With Our Community» <http://riserefugee.org/10-things-you-need-to-consider-if-you-are-an-artist-not-of-the-refugee-and-asylum-seeker-community-looking-to-work-with-our-community/>

Dunderovic, Igor. Ballade.no 2017, «Musikk i mottak og danser med ulver» <http://www.ballade.no/sak/musikk-i-mottak-og-danser-med-ulver/>

Y. Fedda, D. Gorman T. Davidson, "Creation and Displacement. Developing New Narratives Around Migration", IETM, Brussels, 2015. «[Creation and Displacement: developing new narratives around migration](#)»

[Eit vedlegg til boka med ei liste på 141 kunstnarlege prosjekt og initiativ rundt flyktningar og migrasjon](#)

UNHCR 2017a. «Figures at a Glance – Statistical Yearbooks», <http://www.unhcr.org/figures-at-a-glance.html>

UNHCR 2017b. «Global Trends - Forced Displacement in 2016». <http://www.unhcr.org/globaltrends2016/>